



<b>DATO</b>	11.01.2017	<b>ARKIVSAK</b>		<b>ARKIVNR</b>	
<b>TIL</b>	Fylkesrådmann				
<b>FRÅ</b>	Skyss				
<b>KOPI TIL</b>	Fylkesdirektør samferdsel				

## Gratis kollektivtransport i samband med beredskapstakstar

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har vedtatt at det er mogleg å innføre beredskapstakst (fem gangar gjeldande bompengetakst) på dagar med høg luftforureining. I tillegg er det vedtatt at det på dagar med beredskapstakst skal vere gratis kollektivtransport. I vedtaket er det lagt opp til at gratis kollektivtransport skal bli finansiert av meirinntektene frå bomringen.

Det er risiko for at meirinntektene frå bompengane ikkje er tilstrekkeleg til å dekke ekstrakostnadane ved gratis kollektivtransport og det ligg føre forslag om at ubrukte belønningssmidlar til kollektivdrifta skal dekke inn eventuelle kostnader utover meirinntektene i bomringen.

Skyss har tidlegare utarbeidd ein definisjon av «gratis kollektivtransport» som omfatta alle reisande, både faste reisande med periodekort og reisande med enkeltbillett. Dette blei imidlertid ei relativt kostbar løysing. I dette notatet presenterast derfor eit nytt forslag til definisjon av gratis kollektivtransport som berre omfattar enkeltbiletter, noko som vil avgrense omfanget og kostnadane. Det geografiske området for kor gratis kollektivtransport gjeld er også blitt noko innskrenka.

I periodar med beredskapstakstar bør reisande oppmodast til å reise utanom rushtidsperiodane for å unngå trengsel og fråkøyningar i kollektivtrafikken. I tillegg bør det vurderast tiltak for å redusere folks transportbehov (til dømes at arbeidsplassar tilbyr sine tilsette å ha heimekontor, start- og sluttid utanom rushtidsperiodane, stenging av skular mv.).

### Forslag til definisjon: «Gratis enkeltbiletter»

- Gjelder alle typar enkeltbiletter, også klipp på Skysskort.
- Gjelder bybane og alle busslinjer i Bergensområdet som går inn til og ut av Sone Bergen – rutepakke Nord, Sentrum, Sør, Vest, Osterøy og Nordhordland (bussar til og med 600-serien) - alle passasjerar reiser gratis, uansett reisestrekning.
- Gjelder bybåtane Kleppstø - Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen.
- Bør inkludere tog strekninga Arna-Bergen.
- Dei som har gyldig billett frå føre kan ikkje krevje refusjon/forlenging av periodekort.

### Kostnader:

Skyss har anslått kostnadane (inntektstap og styrking av kollektivtilbodet) til om lag 1,5 millionar kroner per dag. Anslaget er svært usikkert.

Fordele:

- Ei noko mindre kostbar løysing enn opphavleg forslag, då gratisløysinga vil gjelde færre linjer og ein ikkje vil gje refusjon til reisande med periodekort.
- Enklare å gjennomføre for Skyss sidan det ikkje blir aktuelt med refusjon av førehandskjøpte billetter/periodebillettar.
- Oslo kommune og Akershus fylkeskommune har vedtatt at gratis kollektivtransport berre skal gjelde for enkeltbilletter.

Ulemper:

- Det vil kunne vere behov for å leige inn ekstra bussar for å styrke kapasiteten i fleire ruteområde.
- Løysinga vil vere noko utfordrande å kommunisere til kundar og det vil kunne oppstå misforståingar.
- Faste reisande med periodebillett vil i praksis ikkje vere omfatta av ordninga med gratis kollektivtransport. Dette, i tillegg til auka trengsel og risiko for framkøyningar, vil kunne medføre høg misnøye blant faste reisande.